



## Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

**Møtedato:** 20.06.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 16:00 - 17:05

Møtet vart styrt av utvalsleiar Mabel Johansen, H.

Medlemmane var innkalla i skriv dagsett 13.06.2017 og 20.06.2017.

Fredrik Seliussen, H, var ugild ved handsaming av UDU.sak 70/2017. Som vara møtte Merethe Neverdal Skarsvåg.

Rune Skår, Sp, møtte kl 16:15.

Utvalet hadde pause frå kl 16:05-16:15.

UDU.sak 71/2017 vart handsama etter UDU.sak 72/2017.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Merete Skarsvåg	H	Varamedlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Tor Oscar Maaseide	FrP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Henriette Fennelly	FrP
Tormod Skurtveit	AP

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

---

### Sakliste

---

Saknr	Tittel
-------	--------

---

- 65/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 66/2017 Godkjenning av møtebok
- 67/2017 Referatsaker
- 68/2017 Delegerte saker
- 69/2017 Reguleringsplan for Fossemyra gbnr. 24/58 m.fl. - offentlig ettersyn
- 70/2017 Klage på avslag på søknad om fritak og dispensasjon frå plankrav - oppretting av eigedomar for bustadoppføring, gbnr 22/52 og 22/26. NY HANDSAMING.
- 71/2017 Aktuelle saker
- 72/2017 GBNR 22/184 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan - bruk av deler av areal regulert til parkbelte til parkering.

## **65/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **20.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 65/2017 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **66/2017: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

## **20.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 66/2017 VEDTAK:**

Møtebok frå møte 06.06.2017 vert godkjent.

---

## **67/2017: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **20.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Ingen meldingar vart referert i møtet.

### **UDU - 67/2017 VEDTAK:**

---

## **68/2017: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

## **20.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 68/2017 VEDTAK:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

---

## **69/2017: Reguleringsplan for Fossemyra gbnr. 24/58 m.fl. - offentlig ettersyn**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Fossemyra Idrettsanlegg, gnr.24, bnr. 58 m.fl. Planid 1256 2016 0005, vist på plankart sist datert 15.05.2017, med tilhøyrande føresegner datert 23.05.2017.»

## **06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

framlegg frå

### **Framlegg til vedtak i møtet:**

«Saka vert utsett.

UDU ber om at forslagsstillar utgreier tre alternative plasseringar av hallen der ein betre vurderer omsynet til naboane og estetisk utforming/plassering. UDU ber om at grunngjeving for val av løysing kjem tydeleg fram.»

Utvalet var på eiga synfaring før vedtak vart fatta.

Usignert skriv dagsett 03.06.2017 frå naboar i Tua, motteke per e-post før møtet 06.06.2017, vart utdelt i møtet.

### **Framlegg til vedtak i møtet fekk 8 røyster for, 0 i mot og er såleis samrøystes vedteke.**

Utvalet er innstilt på ekstramøte om saka 20. juni 2017

### **UDU - 53/2017 VEDTAK:**

**- samrøystes:**

"Saka vert utsett.

UDU ber om at forslagsstillar utgreier tre alternative plasseringar av hallen der ein betre vurderer omsynet til naboane og estetisk utforming/plassering. UDU ber om at grunngjeving for val av løysing kjem tydeleg fram.»

## **20.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Utvalsleiar viste til skriv frå ansvarleg søkjar med svar på merknadane frå naboar, motteke 16.06.2017.

### **UDU - 69/2017 VEDTAK:**

- **samrøystes:**

"I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Fossemyra Idrettsanlegg, gbnr 24/58 m.fl. - Planid 1256 2016 0005, vist på plankart sist datert 15.05.2017, med tilhøyrande føresegner datert 23.05.2017."

---

**70/2017: Klage på avslag på søknad om fritak og dispensasjon frå plankrav - oppretting av eigedomar for bustadoppføring, gbnr 22/52 og 22/26. NY HANDSAMING.**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Med grunnlag i plan- og bygningsloven paragraf 11-6, rettsvirkning av kommuneplanen, gir Meland kommune søker medhold i klagen. Det omsøkte tiltaket faller innanfor definisjonen i KPA bestemmelse 2.1.1a og c om fortetting, det er derfor ikke nødvendig med dispensasjon fra plankrav. Begrunnelse for vedtaket:

1. Området ligger til rette for fortetting
2. Området er vesentlig utbygd uten reguleringsplan
3. Området er tilrettelagt med vei, vann og avløp
4. Området skal bygges ut med to boenheter.

Det vises også til at tilsvarende sak 14/1060 – 17/924, identisk med foreliggende sak, er avgjort av administrasjonen med positivt vedtak.

## **20.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Sak 70/2017 Klage over avslag på søknad om fritak og dispensasjon frå plankrav – oppretting av eigedomar for bustadoppføring, gbnr 22/52 og 22/56. Ny handsaming. framlegg frå Mabel Johansen Med grunnlag i plan- og bygningsloven paragraf 11-6, rettsvirkning av kommuneplanen, gir Meland kommune søker medhold i klagen. Det omsøkte tiltaket faller innanfor definisjonen i KPA bestemmelse 2.1.1a og c om fortetting, det er derfor ikke nødvendig med dispensasjon fra plankrav. Begrunnelse for vedtaket:

1. Området ligger til rette for fortetting
2. Området er vesentlig utbygd uten reguleringsplan
3. Området er tilrettelagt med vei, vann og avløp
4. Området skal bygges ut med to boenheter.

Det vises også til at tilsvarende sak 14/1060 – 17/924, identisk med foreliggende sak, er avgjort av administrasjonen med positivt vedtak.

Fredrik Seliussen, H, var ugild ved handsaming av saka. Merethe Neverdal Skarsvåg møtte som vara.

Utvalseiar Mabel Johansen, H, gjorde greie for vedtak i saka gjort i UDU-møte 06.06.2017. Det er utvalseiar som har bede om ny handsaming av klagesaka.

Byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar Tore Johan Erstad orienterte om planføresegnene til kommuneplanen - pkt 1.2 plankrav, jf plan- og bygningslova § 11-9 nr 1 - og pkt 2.1.1a fortetting. Han orienterte også om praktisering av skjønnsutøving.

Asbjørn Larsen, AP, tok opp at det i klage frå tiltakshavar er vist til ei sak der han står som tiltakshavar og ba utvalet vurdere om han er ugild ved handsaming av denne saka. Utvalet var samd om at Asbjørn Larsen ikkje er ugild i denne saka.

**Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Mabel Johansen, H, 9 røyster for, 0 i mot og er såleis samrøystes vedteke.**

#### **UDU - 70/2017 VEDTAK:**

**- samrøystes:**

"Med grunnlag i plan- og bygningsloven paragraf 11-6, rettsvirkning av kommuneplanen, gir Meland kommune søker medhold i klagen. Det omsøkte tiltaket faller innanfor definisjonen i KPA bestemmelse 2.1.1a og c om fortetting, det er derfor ikke nødvendig med dispensasjon fra plankrav. Begrunnelse for vedtaket:

1. Området ligger til rette for fortetting
2. Området er vesentlig utbygd uten reguleringsplan
3. Området er tilrettelagt med vei, vann og avløp
4. Området skal bygges ut med to boenheter.

Det vises også til at tilsvarende sak 14/1060 – 17/924, identisk med foreliggende sak, er avgjort av administrasjonen med positivt vedtak."

---

## **71/2017: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **20.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

#### **UDU - 71/2017 VEDTAK:**

##### **Følgjande tema vart diskutert:**

**Rune Skår, SP**, stilte spørsmål om brakker på Mjåtveitmarka industriområde.  
Administrasjonen kjem med tilbakemelding på neste møte i utvalet.

**Åse Sudmann, AP**, ønskjer eit betre kartverktøy til bruk for politikarar.  
**Mabel Johansen, H**, ba administrasjonen undersøkje om politikarar kan få tilgang via webinnsyn.  
Administrasjonen orienterte om bruk av Nordhordlandkart og BraPlan. På neste møte i utvalet vil administrasjonen demonstrere Nordhordlandkart og BraPlan.

**Karina Garnes Reigstad, MDG**, ønskjer orientering om bruk av lovverk ved forureining, utslepp m.m. og kva innverknad EU sitt vanndirektiv vil ha for kommunen.  
Administrasjonen førebur ei orientering.

**Erling Rønnestad, KrF**, ba om orientering om framdrift for utbygging skular.  
Administrasjonen orienterte om at utbygging Grasdal skule vert ferdig til skulestart hausten 2017. Utbygging Sagstad skule tek litt lengre tid, - framdrifta skjer i nært samarbeid med rektor på skulen.

---

**72/2017: GBNR 22/184 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan - bruk av deler av areal regulert til parkbelte til parkering.**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå Reguleringsplan for Mjåtveitmarka (arealplanid. 125620060002) for å nytta 190 m2 av område avsett til naturområde til parkeringsplass slik omsøkt. Villkår for godkjenninga er at området mot tjernet blir beplanta. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad med vedlegg journalført motteke 16.5.2017.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. § 21-9.»

## **20.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 72/2017 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå Reguleringsplan for Mjåtveitmarka (arealplanid. 125620060002) for å nytta 190 m2 av område avsett til naturområde til parkeringsplass slik omsøkt. Villkår for godkjenninga er at området mot tjernet blir beplanta. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad med vedlegg journalført motteke 16.5.2017.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. § 21-9.»

---